

HAUGANE (KVANNDAL)

Høgdemeter over havet: omlag 313 m

Lengde: ca. 2,8 km ein veg

Stigning: 263

Tid: omlag 45 min- til ein time ein veg.

Gradering: Dette er ein middels tung tur.

Vegskildring: Køyr riksveg 7 mot Kvanddal ca. km. Parker på kaia. Kryss fotgjengarfeltet og ta vegen opp ved den gamle bensinstasjonen. Følg vegen til snuplassen. Her startar turen ved den gamle garasjen, og vegen er T-merka til Kvanddalsstølen. Turen startar i lett terreng langs Kvanddalselva på fin tursti med underlag av gras og grus. Etter nokre minutt går du gjennom ei grind, og litt seinare vil du passera eit parti med meir steinete underlag og taubane-rampa. Vidare held det fram med lett terreng til bruva som du vil få auge på. Her er eit vegskifte; Haugane og Kvanddalsstølen til venstre over bruva, og husmannsplassen Longeskor og vidare til Håli og ned til Folkedal om du går rett fram langs elva. Mot Haugane etter bruva fyljer du T-merking. No byrjar den fyrste stigninga på steinete sti opp mot uteløa og plassen Tveita. Skiltet er festa på uteløa. Her finn du ei lokal postkasse med registreringsbok, skriv deg gjerne inn her. Etter dette går du på flaten rett fram. Her er mykje bort/bregner langs stien. Ved enden av flaten ved dei store grantrea startar trappene. Halvveis oppi trappene kryssar du bekken. Ved enden av trappene, Haugane finn du turlaget si postkasse, med bok til å signere i. Frå Haugane er dei ei karakteristisk utsikt ut dalen og mot Utne.

Turtips 1: Fyljer du T-merkinga til Kvanddalstølen, kan du fylgja raudmerking vidare og gå over til stølen Fosdal, og gå heilt ned til Lussand.

Turtips 2: Gå frå Kvanddalsstølen og over til Håstadbøstølen-raudmerka løype

Dette er ein fin vårtur før lauvet kjem, og det er ofte tidleg snøfritt.

GOD TUR!